



Kyrkjeblandet mangla gustenestelista for Uskedalen ved ein feil.

**Sist veke kom Kyrkjelydsbladet for Fjelberg, Eid, Uskedal, Husnes, Valen og Holmedal rundt i postkassane i dei ulike bygdene. Og kjære uskedalingar: Det er berre til å beklage med ein gong. Gudstenestene som skal vera i Uskedal kyrkje har ikkje kome med under Kyrkjekalenderen i dette nummeret! Dette er sterkt å beklage, og skyldes eine og åleine ein menneskeleg svikt som det heiter på fint.**

Men når det først skulle verta ein slik feil, så var det jo eigentleg ikkje den verste bygda det skulle gå ut over. For Uskedalen har ei svært så oppegående nettside der ein lett kan få ein oversikt over gudstenestene som skal vera. Uskedal kyrkje finn du i menyen ute til venstre på sida. Ein kan og gå inn på [www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no) for å finna oversikt over gudstenestene i alle kyrkjene i kommunen.

Gudstenestene vert og kunngjort gjennom annonse her i loalavisene kvar veke.

Dersom nokon ikkje har fått bladet i posten, og har lyst på eit eksemplar, så er det berre til å ta kontakt.

Tekst: Jan Ove Fagerheim, kyrkjekontoret i Kvinnherad

Foto og nett: Thor Inge Døssland